

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 13.12.2016
Vår ref.: 2014/223-316
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage frå Ravnanger Hus AS på avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune

Vi viser til dykkar brev av 08.03.16 med referanse 15/207512-8.

Klagenemnda gjorde i møte 06.12.16 følgjande vedtak i sak 53/16:

Klage av 18.11.15 frå Ravnanger Hus AS over Statens vegvesen sitt vedtak av 20.10.15 i samband med søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune vert ikkje teken til følgje.

Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Vi ber dykk underrette parten/klagaren om klagenemnda sitt vedtak. Vedlagte saksframlegg, som er grunngjevinga for vedtaket, skal gjerast kjent for parten/klagaren.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Saksprotokoll
Saksframlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i Klagenemnda - 06.12.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Frp).

Vedtak

Klage av 18.11.15 frå Ravnanger Hus AS over Statens vegvesen sitt vedtak av 20.10.15 i samband med søknad om utvida bruk av avkøyrsløp på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune vert ikkje teken til følgje.

Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.